



Årsmelding 2010

Vest-Telemark PPT IKS

1. Innleiing

I årsmeldinga for 2010 er det bli gjort greie for drifta av PPT sett i forhold til mål og tiltak som er nedfelt i Verksemdsplan for 2010. Forhold omkring Individretta arbeid vil i tillegg bli belyst gjennom statistisk materiale som viser omfang av tilmeldingar, saker vi jobbar med og nokre fakta kring desse. Under Internt arbeid vil det bli vist korleis vi systematisk arbeider for å betre kompetanse og tenesteyting. Årsrekneskapen 2010 vil bli kommentert når det gjeld avvik og prioriterte oppgåver.

2. Aktuell situasjon.

2.1. Generelt

PP-tenesta i Vest-Telemark er ei interkommunal teneste for kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord og Telemark fylkeskommune/Vest-Telemark regionen.

Det er eit spreidd busetnadsmønster i Vest-Telemark, med mange og relativt små skolar og barnehagar. Distriktet har 23 barne- og ungdomsskolar, 22 barnehagar og 3 vidaregåande skolar, der ein skole er fylkeskommunal og to er private. Av desse skolane vart ei barneskole, Felle skole og ei vidaregåande skole, Foldsø, blei lagt ned i løpet av 2010.

PPT har sine kontor i Kviteseid. Lokala blir leigd av Vest-Telemark Næringsbygg A/S. Kviteseid kommune fører rekneskap for oss og gir oss råd med omsyn til budsjettarbeid.

2.2 Stillingar

PP-tenesta i Vest-Telemark har til saman 7 fagstillingar, medrekna leiarstillinga. Kontoret har sekretær i 100 % stilling. Engasjementstilling som blei oppretta 01.08.09, pga den aukande tilmeldinga av enkeltsaker, ble vidareført også i 2010. Jan Gunnar Breivik blei tilsett i stillinga for perioden 01.08.10- 31.07.11.

2.3 Bemanning

Anne Vassend	100 % sekretær
Merete Tveitereid	100 % pp-rådgivar
Sissel Kjeldal	100 % pp-rådgivar
Antje Meinecke	100 % pp-rådgivar
Einar Søreide	100 % pp-rådgivar
Sveinung Heiberg Strand	100 % pp-rådgivar
Britt Ellen Omtveit	100 % pp-rådgivar
Torunn Kittilsen	100 % dagleg leiar

2.4 Styringsstruktur for Vest-Telemark PPT

Representantskapets medlemmar i 2010:

Solveig Abrahamsen, ordførar, Seljord kommune
Torstein Tveito, ordførar, Kviteseid kommune
Bjørn Nome, ordførar, Fyresdal kommune
Anne Nora Oma Dahle, ordførar, Nissedal kommune
Arne Vinje, ordførar, Vinje kommune
Olav Urbø, ordførar, Tokke kommune

Lars Bjaadal, fylkesvaraordfører, Telemark fylkeskommune

Styret si samansetning i 2010:

Olav Bjørn Bakken, rådmann, Tokke kommune, leiar

Liv Tone Gundersen, rådgjevar, Telemark fylkeskommune, nestleiar

Ellen Marie Prag, sektorleiar, Kviteseid kommune, styremedlem, tilsetningsutval

Varamedlemmar i perioden

Hans Kristian Lehmann, rådmann, Vinje Kommune, vara for Olav Bjørn Bakken.

Kjersti Bergland, sektorsjef økonomi, Fyresdal kommune, vara for Liv Tone Gundersen.

Benedikte Vonen, kommunalsjef personal og utvikling, Nissedal kommune vara, for Ellen Marie Prag.

3. PP-tenesta sine oppgåver

PP-tenesta sine oppgåver er heimla i Opplæringslova.

“PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det “ (§ 5-6).

4. Vurdering av verksemda sett i forhold til Verksemdsplan 2010

Opplæringslova § 5-6 blir kvart år operasjonalisert i plan for verksemda.

I verksemdsplanen er visjon og hovudmål for tenesta nedfelt.

Verksemdsplan 2010 peiker i tillegg ut tre fokusområde for PPT sitt arbeid, systemretta arbeid, individretta arbeid og internt arbeid.

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot. Hovudmål og delmål er dei måla vi sett for arbeidet. Disse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsmåla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2010. I kva grad vi har nådd måla, heng saman med korleis vi har lukkast med gjennomføringa av tiltaka. Likeeins må ein vurdere om det er dei rette tiltaka vi prioriterer

4.1 Visjon og hovudmål

Visjon: Ei tilpassa opplæring for alle

Hovudmål : Vest-Telemark PP-teneste skal bidra til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn, elevar, lærlingar og lære kandidatatar med særlege behov.

4.2 Fokusområde: Systemretta arbeid

Delmål 1

PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 1

PPT skal gjennom kontaktpersonordninga i grunnskolen halde nær kontakt med den enkelte skolen. Kontaktpersonen skal arbeide for at det blir utvikla gode rutinar for samarbeidet og bidra med kompetanse frå PPT sitt fagområde.

Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og i "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"

Vurdering: Kontaktpersonordninga er ei ordning som både PPT og de fleste skoler vurderer som positiv. Det er sett av en fast timeressurs frå PPT for kvar skole, avhengig av elevtal. Ein viktig arena for samarbeidet er TPO-teama ved den enkelte skole. På dei fleste skolane er det nå gode rutinar for samarbeidet. Likevel finnes det framleis unntak, det vil si skoler kor det er vanskeleg å få til eit godt samarbeids og kor det ikkje er rutinar med møteplan, innkalling og referat på plass. Dette opplever PPT som svært uheldig.

Vi opplever nå at fleire skoler har eit overordna blick på spesialundervisning og har etablert gode rutinar for arbeidet, men det er også skoler som har eit utviklingspotensiale på dette feltet.

Utfordringar for kontaktpersonane i TPO-team kan vere:

- Å påverke til at skolen nyttar TPO-møta til meir enn drøftingar rundt enkeltelevar.
- Å påverke til å rette fokuset mot korleis skolen som organisasjon jobbar med gode rutinar og praksis rundt elevar med særlege behov på eit overordna nivå.
- Å påverke til at det blir etablert kartleggingsrutinar i forhold til å oppdage tidleg og dermed ha moglegheit til tidleg innsats.
- Å påverke til at gode rutinar blir etablert ved bekymring om ein elev. Korleis kartlegge, sette i gang tiltak innanfor ordinær opplæring, evaluere før ein evt. tilmelding. Jf. Kap 6 i Udir's rettleiar om spesialundervisning.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov.

Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.

Vurdering: Hausten 2010 har PPT retta merksemda mot ny rettleiar frå Udir. Særleg Kap. 6 Saksgang knytt til spesialundervisning. PPT har ønska å rette merksemda på skolens arbeid med ei sak før tilmelding til PPT. Det er viktig både for eleven og for PPT at skolen innarbeider dei rutinar som er forventta. For eleven for om mulig å få ei meir tilpassa opplæring innan for ordinær opplæring. For PPT for om mulig å få ned talet på tilmeldingar av enkeltsaker.

PPT skal i utgreiing og rådgiving knytt til enkeltsaker trekke inn og belyse korleis systemfaktorar påverkar den enkelte elev og korleis endringar i desse faktorane kan medverke til elevens positive utvikling.

Vurdering: Dette er eit aktuelt og innarbeida tema ved alle utgreiingar. Det gjeld å sjå på det handlingsrommet som ligg innan ramma for klassa/skolen. Kan ein ved å gjere endringar innan

organisering, gruppedeling, lærartettleik, arbeidsmåtar eller annen progresjon i opplæringa gi eleven eit tilfredstillande utbytte av opplæringa? PPT har i år også hatt eit auka fokus på læringsmiljøets innverknad på elevens læringsutbytte.

PPT skal gjennom fagnettverk, vegleiing og kurs bidra med kompetanse både for å førebyggje og å avhjelpe vanskar innan område som er aktuelle for elevar med særskilde behov.

Vurdering: Som alltid er det trong for kompetanse om ulike vanskar og korleis ein kan avdekke, førebygge og avhjelpe disse. Det har vore nødvendig, pga av tilmeldingsmengda, å rette mykje av arbeidet mot utgreiing og sakkunnig vurdering. Men det er også blitt gitt innføring og rettleiing på fleire fagområde. Dette arbeidet har likevel ikkje hatt det omfang og den systematikk som vi meiner er ønskeleg.

Det er gitt rettleiing på områda spesifikke språkvanskar, lese/skrive vanskar, skrivestøtteprogram, lydbøker og IKT programvarer i opplæringa ved fleire skolar.

Vidare har sosiale og emosjonelle vanskar og klassemiljø i småskolen vore eit tema som har blitt jobba med over tid.

Det er blitt gitt innføring om Downs syndrom og Karlstadmodellen, som er ein modell for språk- og lese/skriveinnlæring for menneskje med store språkvanskar.

PPT er "Zippyretteiar" i nokre kommunar. "Zippys venner" rettar fokus på psykisk helse.

"Zippys venner" er eit førebyggjande program for 1. årstrinn i grunnskolen. Programmet skal lære barn og meistre dagleglivets følelsar, programmet er effektevaluert og viser til tydeleg betring av ulike sosiale ferdigheiter for dei barna som får opplæringa. Arbeid som blir vidareført også i 2011.

PPT gjennomførte to kursdagar om Tourett syndrom. Kurstilbodet gjekk ut til alle skoler i distriktet. Tilbodet var retta mot elevar i skolen på dagtid, det ble også arrangert eit ope møte på kveldstid. Arrangementet kom i stand i samarbeid med Tokke helsestasjon.

Kursdagane vart godt mottatt. Mange møtte både på dag- og kveldstid.

Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 1

PPT skal gjennom kontaktpersonordninga halde nær kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngått samarbeidsavtale.

Jmf. Tiltaksplan vgo, gjeld Telemark fylkeskommune, egne samarbeidsavtaler med private skoler.

Vurdering: PPT møter fast i T-råd etter vedteken møteplan. Møta har fungert godt.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar og lærlingar med særskilte behov.

Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar. Jmf. Årshjul for gjennomgåande pp-teneste

Vurdering: Rutinar og organisering blir drøfta regelmessig i t-råd. Det er og gjennomført drøftingar på klassenivå i etterkant av kartlegging.

Regional samling om inntak til vidaregåande skole på særskild grunnlag er årviss. Samlinga gir informasjon om temaet til rådgivarar i grunnskole og vidaregåande skole. For andre år på rad vart samling til i samarbeid med Midt-Telemark PPT. Tilbakemeldingane er hovudsakleg positive.

<p>PPT skal i utgreiing og rådgiving knytt til enkeltsaker trekke inn og belyse korleis systemfaktorar påverkar den enkelte elev og korleis endringar i desse faktorane kan medverke til elevens positive utvikling.</p> <p>Vurdering: Dette er eit aktuelt og innarbeida tema ved alle utgreiingar. Det gjelder å sjå på det handlingsrom som ligg innan ramma for klassa/skolen. Kan ein ved å gjere endringar innan organisering, gruppedeling, lærartettleik, arbeidsmåtar eller annen progresjon i opplæringa gi eleven eit tilfredstillande utbytte av opplæringa? PPT har i år også hatt eit auka fokus på læringsmiljøet betyding for elevars utbytte av opplæringa.</p>
<p>PPT skal gjennom fagnettverk, vegleiing og kurs bidra med kompetanse både for å førebyggje og å avhjelpe vanskar på område som er aktuelle for elevar og lærlingar med særskilde behov.</p> <p>Vurdering: Det er kome fram få ønske frå vgo om særleg rettleiing på systemnivå. På Kvitsund gymnas er det gitt innføring i temaet lese- og skrivevanskar.</p>
<p>PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til. <i>Jmf. Tiltaksplan vgo</i></p> <p>Vurdering: Samarbeid mellom Telemark fylkeskommunes sentraladministrasjon og PP-leiarane er gjennomført etter planen. Samarbeidet er konstruktivt og blir opplevd som nyttig. PPT deltek på T-leiarsamlingane. Samlingane er nyttige sett i høve til fortløpande orientering, og til å få belyst og drøfta aktuelle tema rundt arbeidet med spesialundervisning i vgo.</p>
<p>PPT skal samarbeide med dei tre andre PPT-kontora i fylket som dekkjer dei vidaregåande skolane for å utvikle ein eins praksis overfor skolane.</p> <p>Vurdering: Nettverket har regelmessige møte der praksisnære problemstillingar blir tatt opp. VT-PPT meiner desse samlingane fungerer svært godt og er nyttige.</p>

Delmål 2

<p>PPT skal medverke til å avdekke og avhjelpe vanskar hos førskolebarn og der igjennom førebygge vanskar med tanke på seinare opplæring.</p>

<p>Tiltak knytt til Delmål 2</p>
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane som samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for systemretta arbeid i barnehage". <i>Retningslinjene fokusere på førebyggjande arbeid, kompetansehevingstiltak og organisasjonsutvikling.</i></p> <p>Vurdering: Dei kommunale nettverka (FSB) samarbeider etter fastlagde planar. Tema som drøftes er varierte og blir rapportert å være svært nyttige for partane. Også i Seljord har det frå hausten 2010, kome i stand eit regelmessig samarbeid med barnehagane. Kommunen har ønska ei anna organisering av samarbeidet enn i dei andre kommunane. Dei har ikkje</p>

etablert nettverk, men det blir samarbeida med kvar enkelt barnehage. Den same totale tidsresurs blir nytta som for dei andre kommunane. Dei barnehagane vi har hatt eit samarbeid med til no, har vært godt nøyde. PPT ser at det er kvalitetar ved nettverksordninga som fell bort ved Seljord sin måte å organisere på. Dette gjeld regelmessig systemsamarbeid gjennom heile året, som hyppigheit og kontinuitet, dessutan blir det eit mindre fagmiljø.

PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å legge til rett for barn med særskilde behov.

Vurdering: På nettverksmøta i kommunane er det reglmessige læringsøktar. Dette er tema som har vore belyst i 2010:

- Minoritetsspråkelege barn i barnehagen
- Språk og språkvanskar førebygge, oppdage og avhjelpe
- Sosiale- og emosjonelle vanskar
- Bruk av "Teikn til tale" i barnehagen
- Presentasjon av ulike arbeidsmodellar for å oppnå refleksjon i personalgruppa
- Når foreldra er psykisk sjuke, i samarbeid med Interkomm.psyk.teneste
- Samlivsbrudd i samarbeid med Interkomm.psyk.teneste. og Familiekontoret i øvre Telemark
- Konflikthandtering
- Presentasjon av verktøyet "Frå fødsel til småbarn/ premature
- Dyspraksi

Tilbakemeldingane frå nettverka er svært positive. PPT opplever dette som eit svært positivt arbeid.

PPT kan medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organisering av tiltak for barn med særskilde behov.

Vurdering: Regler og saksgang knytt til spesialpedagogisk hjelp er eit aktuelt tema. Plan- og rapporteringsarbeid i samband med spesialpedagogisk hjelp er drøfta. Manglande spesialpedagogisk kompetanse på barnehagenivå i enkelte kommunar aktualiserar tema ytterligare.

I ein av kommunane har mobbing i barnehagen blitt satt under lupa. PPT har her medverka til utarbeiding av plan for å handtere mobbing i barnehagen.

PPT vil medverke til å skape gode overgangar mellom barnehage og skole for barn med særlege behov.

Vurdering: Å skape gode overgangar for barn er svært viktig for at barnet skal bli førebudd på det som ventar dei, likeeins er det av viktig at skolen får tilstekteleg kunnskap om barnet for å kunne legge til rette for ein god skolestart og framtidig vellukka opplæring. Dette er eit viktig tema som med jamne mellomrom blir drøfta i nettveka. Nokre kommunar har no laga planar for overgangar, noko vi meiner er verdifullt.

Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2

PPT skal delta i tverretatlege team i kommunane

Vurdering: Det tverretatlege teama i kommunane fungerer svært forskjellig. Det har slik PPT erfarar vore få saker som kjem til teama. Det synes som om enkelte problemstillingar som ein tidlegare vende seg til dei tverretatlege teama med, no blir tatt opp direkte med dei ulike hjelpetenestene direkte. F. eks er PPT dei seinare åra blitt meir tilgjengeleg for skole og barnehage

gjennom regelbundne samarbeid på systemnivå. På individnivå arbeider ein tverrfagleg /etatleg gjennom ansvarsgruppene.

PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Eks: Helsestasjon, barnevern, familiekontor, NAV, Kompetansenettverket.

Vurdering: Kompetansenettverket som ble etablert i 2009 har vidareført samarbeidet også i 2010. Nettverket består av Familiekontoret, barnevernet, Bufetat, PPT og Interkommunal psykologteneste. Intensjonen er å få en oversikt over samla kompetanse i desse tenestene og sjå på korleis vi kan hjelpe kvarandre med kompetanse på tvers av tenestene. Det er også eit poeng å sjå på korleis samarbeidet mellom tenestene kan vidareutviklast og samordnast til beste for distriktet og den enkelte tenestemottakar.

I 2010 har nettverket mottatt prosjektmidlar for å sjå på desse problemstillingane:

- Korleis skape meir robuste og samordna tenester på fleire forvaltningsnivå og på tvers av kommunar, for barn, unge og familiar i distrikta
- Korleis skape fagleg attraktive og bredt kompetente tilbod i distrikta
- Avklare behovet for ein felles geografisk plassering evt. samlokalisering

Det er nedlagt arbeid i å kartlegge eksisterande kompetanse og kompetansebehovet i tenestene. Det har vore vanskelig å komme fram til korleis ein så skal jobbe vidare. Telemark forskning, Bø er engasjert for å hjelpe oss i prosessen, mellom anna med å utarbeide ein kompetanseplan.

4.3 Fokusområde: Individretta arbeid

Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 3

Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med "Retningslinjer for arbeid med individualsaker".

Vurdering: Det er viktig å ha felles retningslinjer for å få eit så einskapleg tenestetilbod som mogleg. Alle tilsette er kjent med retningslinjene, nyttilsette får opplæring. Retningslinjene blir revidert i forhold til endringar i lovverk og rettleiarar som kjem.

VT-PPT start i 2010 behandling av 206 nye saker og skreiv 217 sakkunnige vurderingar.

Det har vore ein svak nedgang i den totale tilmeldinga i 2010 på 7,1 %. Nedgangen er gledeleg sett i forhold til kapasiteten i PP-tenesta.

Tilmeldingar til PP-tenesta

År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt
2010	142	66	208
2009	177	47	224
2008	148		

2007	128		
2006	130		
2005	122		
2004	111		

På grunn av funksjonar i arkivsystemet vårt vil den statistikken som følgjer basere seg på 1.gangs tilmelde saker. Dette kan gi eit noko skeivt bilete av den faktiske situasjonen. Vi ser at vi må forbetre den manuelle registreringa vår med omsyn til 2. gangs tilmeldingar slik at vi kan få disse med i dei statistiske berekningane våre for framtida. Tala under er likevel samanliknbare med tidlegar år.

Alder for tilmelding til PP-tenesta

Alder	%	%	%	%
	2007	2008	2009	2010
0-2 år	4	3	5	5
3-5 år	16	21	17	12
6-9 år	27	25	25	27
10-12 år	15	20	18	12
13-15 år	21	15	15	22
16-18 år	5	9	11	10
19 - år	11	8	7	12

Sett i forhold til 2009 er det i 2010 ein reduksjon på 5 % i aldersgruppa 3-5 år, men ei auke på 2 % i alderen 6-9 år. Det er ein reduksjon på 6 % i aldersgruppa 10-12 år og ei auke på 7 % i alderen 13-15 år.

Ser ein på fordelinga under eitt alle fire åra, ser det ut til at det er ein tendes i retning av nedgang i tilmeldingar i aldersgruppa 3-5 år og i aldersgruppa 10-12 år. Sett i lys av nasjonal målsetting om tidleg innsats bør ein kanskje rette større merksemd på mellomtrinnet og kva som skjer der med tanke på systematisk kartlegging og oppfølging av elevar.

Vanskar som er meldt til PP-tenesta.

Vanskar	%	%	%	%
	2007	2008	2009	2010
Hørselshemma	0	1	1	0
Generelle lærevanskar	1	2	6	7
Samansette vanskar	2	1	3	1
Medisinske vanskar	2	2	3	3
Språkvanskar	27	18	33	27
Lese- og skrivevanskar	28	26	20	27
Matematikkvanskar	2	3	3	2
Sosiale- og emosjonelle vanskar	29	34	21	28
Utsett skolestart	2	1	1	1
Prematur	0	0	0	0
Anna	8	9	8	4

Dei fleste tilmeldingane kjem innan tre vanskeområde, språkvanskar, lese- og skrivevanskar og sosiale- og emosjonelle vanskar. Det er naturleg nok store variasjonar også innan disse områda. Likevel kan disse tala gi ein peikepinn på kor kommunane bør sette inn eit støyt i sine prioriteringar når det gjeld satsing på kompetanse. Det er no utvikla planar lokalt både når det gjeld språk-, lese- og skriveopplæring, noko som er bra, men ein bør og satse på personale med god kompetanse og vidareutdanning på desse områda.

Når det gjeld sosiale og emosjonelle vanskar omfattar dette mange ulike typar vanskar. Noko er likevel felles i møte med barn med slike vanskar. Eit godt og inkluderande læringsmiljø vil førebyggje og i nokon grad avhjelpe vanskane for enkeltelevane samtidig som det vil framme læring og utvikling hos alle elevane. Direktoratet har satt i gang ei fireårig satsing på læringsmiljøutvikling, det er verd å sjå til denne.

Prosentvis tilmelding til PPT

Kommune	%	%	%	%
	2007	2008	2009	2010
Fyresdal	9	9	11	8
Kviteseid	13	23	16	27
Nissedal	13	9	13	7
Seljord	18	12	19	14
Tokke	20	10	14	9
Vinje	24	30	19	25
Telemark fylkeskommune	4	7	9	9

PPT skal gi informasjon til føresette og skole om korleis den sakkunnige vurderinga er tenkt gjennomført og når sakkunnig vurdering er forventet ferdig. Utgreiingsplanleggjar nyttast.

Vurdering: Utgreiingsplanleggjaren har vist seg å bli svært godt mottatt av føresette og andre samarbeidspartar. Den er også eit godt hjelpemiddel for rådgivarane for å systematisere arbeidet.

Sakshandsamarar sitt arbeid med sakkunnig vurdering skal gjennomførast i løpet av ein periode på ca. 9 veker.

Vurdering: Rettleiaren til opplæringslova om spesialundervisning peikar på at det ikkje er høve til å operere med ventelister i PP-tenesta. Dessutan kjem det fram at om den totale behandlingstida, frå skolen sender saka til PP-tenesta til vedtak blir gjort, overskrider 3 månader, er dette forlang sakbehandlingstid. Ut frå dette er det stipulert ei behandlingstid hos pp-tenesta på 9 veker. Dette med det for auge at når talet på tilmeldingar samsvarar med behandlingsskapasiteten vil vi heller ikkje ha ventelister.

Sakshandsamarane har tilpassa sin praksis ut frå dette og klarar i god grad å utføre sakkunnig vurdering innanfor gjeldande frist. Den knappe fristen er likevel sårbar i forhold til avlysningar og sjukdom som måtte inntreffe.

PPT vil gjennom sakkunnig vurdering og tilbakemelding etter utgreiing gi råd om korleis opplæringa best kan tilretteleggast. Individsaker vil til vanleg bli avslutta etter dette jf. Retningsliner for individsaker. Ved behov kan rådgjeving avtalast. Ein plan for rådgjevinga skal ligge føre og godkjennast av leiar.

Vurdering: PPT får tilbakemeldingar om at kvaliteten på dei sakkunnige vurderingane er gode med omsyn til å gi råd om korleis god opplæring kan leggest til rette. Foreldre deltek i rettleiinga som blir gitt underveg i prosessen.

Vidare rådgiving bør så langt råd være målretta og organiserast som eit systemretta arbeid.

PPT skal gjennom samarbeid med andre etatar og gjennom samarbeid med det medisinske og pedagogiske støttesystemet bidra til at barn, unge og vaksne med særskilte behov får eit heilskapleg tilbod av fagleg god kvalitet.

Vurdering: PPT søker samarbeid med andre etatar og i det medisinske og pedagogiske støttesystem når vi meiner det er behov for dette. En nasjonal debatt går føre seg om godt koordinerte tenester og om å skåne tenestemottakar frå å måtte vende seg til fleire instansar enn stengt nødvendig.

Det har også reist seg en debatt lokalt i ein av kommunane, da ein av legane der er svært skeptisk til å tilvise vidare til BUP (tenesteveg når det er behov for utgreiing og hjelp frå 2. linetenesta).

Om denne praksisen brer om seg, aktualiserar det ytterligare dei forslaga som er kome fram i både NOU 2009: 18 Rett til læring og NOU 2009: 22 Det du gjør, gjør det helt. Disse har begge forslag om enklare prosedyrar for brukarane, ved at PP-tenesta får direkte tilvisningsrett til BUP og HABU.

PPT skal kunne hjelpe kommunane med vegleiing til føresette etter § 5-7.

Gjeld vegleiing omkring barn i ein tidleg fase og som er født med eller tidleg har erverva funksjonshemming.

Vurdering: Også i år er det blitt gitt slik rettleiing til familiar. Tidleg innsats i alle ledd er viktig.

PPT er sakkunnig instans for vaksne som har rett til spesialundervisning.

Vurdering: Det er ein avgrensa mengde med slike saker, ikkje desto mindre er det viktig for dei det gjeld å få vurdert hjelpebehovet og å få nødvendig rettleiing.

4.4 Fokusområde: Internt arbeid

Delmål 4

PPT skal vidareutvikle og samordne strategiar for utføring av PP-tenesta sine oppgåver.

Tiltak knytt til Delmål 4

PPT skal arbeide internt for å vidareutvikle felles forståing og strategiar for arbeidet med individsaker.

Prosedyrar for samarbeid mellom skole og PPT om førtilmeldingsarbeidet.

Vurdering: PPT hadde temaet opp på ein planleggingsdag i august. Med utgangspunkt i rettleiaren til opplæringslova om spesialundervisning såg vi på saksgangen knytt til spesialundervisning, på kva som er PP-tenesta sine oppgåver og på kva som ein kan forventa av forarbeid i skolane før dei vender seg til PP-tenesta. I etterkant har PP-tenesta orientert om det som kjem fram i rettleiaren frå Utdanningsdirektoratet på skolane og oppfordra til tisvarande praksis.

<p>Temaet er og drøfta i Regionalt forum for utdanning i Vest-Telemark, då også i lys av den auka tilmeldinga til PP-tenesta og kva skoleeigar kan gjere for å bidra til god praksis på feltet.</p>
<p>PPT vil gi informasjon til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside.</p>
<p>Vurdering: Informasjon blir lagt ut fortløpande. Vårt inntrykk er at sida vert nytta.</p>
<p>Refleksjon over egen praksis, intern og ekstern organisering av arbeidet. <i>Eks: Teamorganisering, førtilmeldingsarbeidet, fagleg utvikling.</i></p>
<p>Vurdering: Kontaktpersonordninga og samarbeidet med skolane i TPO-team har blitt vurdert på planleggingsdag våren 2010 (sjå vurdering av kontaktpersonordning). Refleksjon og vurderingar har medført at vi 2011 skal revidere interne retningslinjer for arbeid med individualsaker og samarbeidsavtalemalen for kontaktpersonordninga. Vidare skal vi ha fokus på kvalitetssikring av sakkunnig vurdering når det gjeld omfang av utgreiingane, den skriftlege fordjupinga og omfangstilrådinga.</p>
<p>PPT vil sette ned ei gruppe som skal ha som mandat å utvikle eit tilbod om kompetanseheving til skole og barnehagar.</p>
<p>Vurdering: Dette arbeidet er ikkje blitt prioritert. Bakgrunnen for dette er den store arbeidsmengda med tilmelde enkeltsaker til PP-tenesta.</p>

Delmål 5

<p>PPT skal utvikle sin kompetanse innan aktuelle vanskeområde for betre å kunne gi brukarane nødvendig hjelp.</p>
--

<p>Tiltak knytt til Delmål 5</p>
<p>PPT skal gjennom opplæring, kurs og ekskursjonar oppdatere seg fagleg på dei ulike vanskeområde, kartleggingsverktøy og testar</p>
<p>Vurdering: Heile personalet deltok i år på Storefjellkurset, disse er ei årvisst tilbod til tilsette i PP-tjenesta. Som eit ledd i vår satsing på skolering om læringsmiljø og førebygging av problematferd, deltok vi alle på kurset "Når skolen står på hovudet". Fem av dei tilsette har sertifisert seg som Zippyretteleiarar. Zippyprogrammet er retta mot 1. trinn i grunnskolen. Programmet er forankra i teori og empiri om tidleg førebygging og styrking av motstandskraft og meistring(psykisk helse). Kurs i ikt -hjelpemiddel ved lese- og skrivevanskar, innføring i nytt testverktøy ved språkvanskar og sosiale og emosjonelle vanskar er og blitt gjennomført. Ein av dei tilsette er under utdanning i master i spesialpedagogikk.</p>
<p>PPT skal utvikle sin kompetanse om læringsmiljø gjennom studium av "Berde læringsmiljø, Materieil for helhetlig arbeid med læringsmiljø" utgitt av Utdanningsdirektoratet.</p>
<p>Vurdering: Materiellet "Helhetlig læringsmiljø" er utviklet av ei forskargruppe med professor Thomas Nordahl for Utdanningsdirektoratet, har vore utgangspunkt for vår interne skolering hausten 2010. For å kunne gå ut å tilrå materiellet ønska vi å ha god kunnskap om dette. Vidare var det og ein anledning til å oppdatere oss på ny kunnskap på området.</p>

5. Driftsrekneskap 2010

Inntekter 2010	Utgifter 2010	Resultat 2010	Revidert budsjett 2010
6 199 018	6 490 208	- 208 359	6 599 153

5.1 Avvik

Inntektene er på kr. 97 223, - større enn budsjettet. Dette skyldast innkomne sjukepengar kr. 89 556,-, og ein justering på bakgrunn av auka elevtal i fylkeskommunale skoler kr. 7 728,-.

5.2 Prioriterte oppgaver

For å møte den store etterspørselen av tenester frå PP-tenesta, er det er prioritert å opprette ei 100 % engasjementstilling. Kostnadane knytt til dette var kr. 547 276,-, dette er finansiert gjennom disposisjonsfond.

5.3 Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapen viser eit mindreforbruk i 2010 på kr. 208 356,13.

Det er ei underdekning i investeringsrekneskapen på kr. 19 926,-.

Mindreforbruk til disposisjon er kr. 188 433,13.

6. Oppsummering

Sjølv om det er registrert ein liten nedgang i tilmeldingar, har tilmeldinga vore omfattande. Dette har medført stort fokus på utgreiing av enkeltsaker. Det er starta utgreiing på 206 saker og skrevet 217 sakkunnige vurderingar i 2010.

PP-tenesta sitt systemretta arbeid består for ein stor del av kontaktpersonordningane i skole og barnehage. Ut frå gjeldande arbeidsmengde og personalsituasjon, ser ein det som det som er realistisk å kunne gjennomføre. Jamt over er våre samarbeidspartar nøgde med den tette og regelmessige kontakten.

Det er eit svært godt samarbeidsklima internt, noko som har vore av stor verdi i møte med dei utfordringane vi har stått overfor i 2010.

Det er i 2010 satt inn ei ekstra stilling i 100 % ,finansier gjennom PPTs disposisjons fond. Saman med interne endringar har dette medverka til at ein ved utgangen av 2010 kunne registrere nedgang i saker på vent, i forhold til same tid i 2009.

Vi har både 2009 og 2010 arbeidet for å få vidareført den midlertidige stillinga, det vil si opprette ei ny fast stilling. Dette meiner vi det er trong for ut frå det oppdraget og den arbeidsmengda som tenesta har. Vi har ikkje fått støtte for dette synspunktet av eigarkommunane. Eigarkommunane ønskjer å jobbe for at talet på tilmeldingar til PP-tenesta går ned.